

Beredskapsteam mot mobbing

Beredskapsteam mot mobbing er forankra i kommunestyresak 56/18.

Beredskapsteamet blir aktivert når skulen sjølv er komen i ein posisjon der ein ikkje greier å handtere ei eller fleire §9A-saker (mobbesaker). Foreldre, elevar og tilsette kan melde bekymring til beredskapsteamet.

Dette erstattar ikkje retten til å melde saka til skulen eller Statsforvaltaren.

Ei sak skal alltid meldast skulen først. Det er skulen som eig saka, som undersøkjer saka og eventuelt set i verk tiltak.

Eit beredskapsteam mot mobbing skal vera eit kommunalt tverrfagleg team, som skal bistå skular og barnehagar i arbeidet med komplekse og alvorlege mobbesaker. Teamet skal ikkje overta sakene frå skulen, men teamet skal kunne hjelpe skulen i situasjonar der elevar og foreldre opplever at dei ikkje får den hjelpa eller støtta dei treng eller har rett til av skulen. Teamet skal også kunne bistå skulen i saker der elevar og foreldre, eller skulen opplever at løysinga på mobbeproblematikken ligg utanfor det skulen bestemmer over.

Kontaktperson er kommunalsjef oppvekst og kultur Hallvor Lilleslett

Hallvor.lilleslettt@gol.kommune.no tlf 45968135

Når det oppstår saker der Beredskapsteamet blir aktivert, vil kommunedirektøren velje ut kven i kommunedirektørteam som skal utføre arbeidet. Samansetting av beredskapsteamet vil måtte ta omsyn til habilitetsspørsmål i kvar einskild sak. Beredskapsteam mot mobbing har årleg gjennomgang av eit utval saker §9a sist skuleår.

Kommunedirektørteam har ein gong i året ein gjennomgang av Gol skule sine rutinar og retningsliner som gjeld oppfylging og ivaretaking av eit godt psykososialt miljø i tråd med Gol kommune sine retningsliner. (jf skuleeigar sitt system for internkontroll).